



Notat

Dato: 01.10.2018
Arkivsak: 2018/14532-1
Saksbehandlar: tormje

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om fagbrev på jobb

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Elizabeth Toft Erichsen frå møte i Utval for opplæring og helse 4. september 2018:

«Ber om status på regjeringa sitt nye prosjekt "fagbrev på jobb", kva tid er dette klart til bruk?..»

Stortinget gjorde vedtak om ordninga Fagbrev på jobb 24. mai 2018. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å utarbeide forslag til fastlegging i føresegner (forskriftsbestemmelse) om Fagbrev på jobb. Det skal leverast utkast til Kunnskapsdepartementet innan 15. september. Det skal ikkje vere ei ny høyring på dette.

Oppdraget lyder som følgjer: Utdanningsdirektoratet skal utarbeide forslag til nødvendig endring i forskrift til opplæringslova.

Kort om ordninga:

- Ufaglærte vaksne (ikkje berre avgrensa til dei med vaksenrett)
- Skal gjelde alle fag
- Søkjar må ha fullført norsk grunnskoleopplæring eller tilsvarande
- Realkompetansevurdering
- Eitt års allsidig praksis i faget før kontrakt vert teikna
- Minimum eitt års opplæring
- Fritak for fellesfag
- Sentralgitt eksamen §§ 3-55, 3-52
- Intern opplæringsplan med krav til opplæring og rettleiing
- Basistilskot II
- Bedrift skal vere godkjent som lærebedrift

Hordaland fylkeskommune skal sjå på rutinar og korleis vi skal handtere ordninga. Vi ventar framleis på forskriftsendringar frå Utdanningsdirektoratet, og når ordninga er klar, vil ho verta teken i bruk.